



Haustetilrådingar per 26. sep. 2017 (etter prøveuttaking 25. sep.)

NLR Vest avd. Njøs starta 28.aug. opp med uttak av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. Me nyttar oss i stor grad av same hagane som tidlegare. Dyrkarane må alltid sjølv relatera resultatata til eigen hage og gjera egne vurderingar og analysar om behov. Fokuset vårt også i år er å koma i gong tidleg med hausting av rett sort til rett tid, noko som både produsent og fruktlager tener på i tillegg til at frukta får optimal kvalitet.

Me gjer i år analysane på måndagane og resultatata bli kunngjort på tysdagen etter på www.sognefrukt.no.

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyising (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.

(Raud) Aroma



Grunnfargen er i ferd med å koma på plass.

Fagravoll frå Slinde og Sogndal t.v. og Ylvisåker t.h. frå øverste rekke: Feios, Vangsnes og Fresvik og nederste rekke: Leikanger (Valebrekka/Suppham) og Slinde.



Dyrkar	Gunvor Lidal	Terje Fosshagen	Ola Aaberge	Audun Slinde	Arnfinn Feidje
Adresse	Slinde	Fosshagen	Sogndal	Slinde	Feios
Dato	25.09.2017	25.09.2017	25.09.2017	25.09.2017	25.09.2017
Fruktvekt (kg)	0,182	0,170	0,174	0,166	0,148
Avling	3	3	3	3	3
Grunnfarge	C3+	(C2)-C3	C2	C2-(C3)	C2
Fastleik	7,7	8,6	7,2	7,0	7,1
Ref	11,1	10,3	9,9	10,7	10,2
Stive	4,2	4,5	5,2	4,9	7,1
Streif	0,165	0,187	0,140	0,133	0,098

Fagravoll

Fagravoll

Lasse Djupvik	Nils Ingar Nygard	Marianne Bøthun	Rettlei.	Til Bama
Vangsnes	Supphamn	Fresvik		
25.09.2017	25.09.2017	25.09.2017		
0,166	0,190	0,162		
3	3	3		
(C2)-C3	C3	C2		
7,9	8,0	8,1	6,5-7,0	6,0-7,0
9,6	10,4	9,8		11,2
5,7	3,0	4,3	3,0-5,0	
0,144	0,256	0,193	0,07-0,12	

Me tek til orientering med verdiane frå sist gong, slik at de kan sjå endringane som har skjedd.

Dyrkar	Gunvor Lidal	Terje Fosshagen	Ola Aaberge*	Arnfinn Feidje	Rettlei.	Til Bama*
Adresse	Slinde	Fosshagen	Sogndal	Feios		
Dato	18.09.2017	18.09.2017	18.09.2017	18.09.2017		
Fruktvekt	0,176	0,168	0,162	0,136		
Avling	3	3	3	3		
Grunnfarge	C2	C3	C2	C2-C3		
Fastleik	7,6	8,5	7,2	7,5	6,5-7,0	6,0-7,0
Ref	10,8	10,3	9,8	10,1		11,2
Stive	2,9	3,7	4,1	4,7	3,0-5,0	
Streif	0,244	0,225	0,180	0,158	0,07-0,12	

*Fagravoll. Dei andre prøvane er av Ylvisåker klon.



Stivnedbryting i Ylvisåker.
Øvst frå Suppham, deretter
Valebrekka (begge Leikanger),
Vangnes og Slinde.



Stivnedbryting Ylvisåker;
øvste rekke frå Fresvik og
deretter Feios.



Stivnedbryting i Fagravoll; frå
Sogndal øvst og deretter
Slinde.

Som de ser av resultatene så er det ikkje heilt beint fram å konkludera m.o.t. kva som er kome lengst denne gongen, avdi verdiane spriker veldig. Generelt så verkar stivnedbrytinga til å ha kome lengst på dei seine stadene (også eldste hagane), medan ein her også har lågast sukker og dårlegast grunnfarge. På tidlegare stader er grunnfargen og til dels sukkeret betre, medan ein her også har meir å gå på når det gjeld stive.

Tilrådinga vår i samråd med Sognefrukt blir at ein byrjar og plukka utor på tidlege stader og ventar til over helga med utorplukking på seine stader for om mogleg å få litt meir sukker og grunnfarge. For sørsida må ein då vera merksam på at epla ikkje har noko god lagringsevne. Vøret er meldt fint frametter, så utviklinga vil skje raskt. Sørg for å ha god innhaustingskapasitet!



NB! Kravet til raud dekkfarge er i år sett litt ned frå Bama, både gjeldande vanleg (gul) og raud aroma. Eple med fin dekkfarge og storleik får likevel beste sortering.

Sidan utviklinga på sørsida er komen lenger enn på nordsida m.o.t. stivenedbryting, så finn me det lite tenleg å ta fleire prøvar på seine stader i neste veke. Dette blir difor siste prøveuttak for (Raud) Aroma for i år.

Rubinstep

Me har denne gongen også teke ut ein prøve av Rubinstep på Slinde. Både utsjånad og verdiar elles, syner at denne må henga lenger.

Rubinstep

Dyrkar	Gunvor Lidal
Adresse	Slinde
Dato	25.09.2017
Fruktvekt (kg)	0,132
Avling	3
Fastleik	11,5
Ref	10,53
Stive	3*
Streif	0,364



*Nytta Summerred som mal.

Ein ny prøve av Rubinstep blir teke ut på måndag 2.oktober.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest
Marianne Bøthun; tlf: 95290740
Stine Huseby; 48040498